


Sofies hemmelegheit.






Emma og Sofie går i 1. klasse på Soltun skule. Dei er bestevennar og er alltid saman.



Ein dag blir Emma med Sofie heim etter skulen. Det er ikkje så langt, berre forbi det store grønne treet, rundt svingen og opp bakken.



Emma synest Sofie er kjempeheldig, ho har nemleg fått seg ein trampoline hos den nye kjærasten til mammaen hennar, Svein. Sofie vil ikkje hoppe på trampolinen, ho vil berre sitte i graset og sjå på at Emma hoppar.



Svein kjem ut og spør om dei vil ha karamellar. Emma blir kjempeglad og spring mot han. Ho får plukke seg ein karamell frå bukselomma hans. Sofie vil ikkje ha karamellar. Emma skjønner ikkje kvifor, karamellar er jo det beste som finst.





Då Svein har gått inn igjen, ser Emma at Sofie er lei seg og spør kva som er gale. Dei går saman inn i dokkehuset. Sofie seier at ho ikkje likar når mora hennar er på jobb om ettermiddagane og kveldane. Det gjer jo ikkje noko, seier Emma, Svein er jo heime så du er ikkje aleine.



Det begynner å bli kveld, og Svein roper at Sofie må kom inn for å ete kveldsmat. Venninnene avtaler å vere saman i morgon i friminuttet på skulen. Emma spring heim.



Når Emma har lagt seg, ligg ho og tenkjer på den fine dagen ho har hatt saman med Sofie og Svein. Ho synest Svein er så snill, han gir alltid så mange klemmar og lar dei alltid hente karamellar. Emma ligg og tenkjer lenge på dette. Ho synest det er rart at Sofie verkar så lei seg for tida. Ho har jo fått så mange leikar no som Svein har flytta inn.






Det er ein ny dag og endeleg er det friminutt. Besteveninnene spring saman til leikestativet. Dei gøymer seg på den faste plassen som berre dei to veit om. Sofie kviskrar til Emma at ho har ei hemmelegheit som ho ikkje kan seie til nokon. Emma lovar å ikkje seie det til nokon andre i heile verda. Sofie seier at ho ikkje kan fortelje hemmelegheita til nokon for då vil mammaen hennar døy. Sofie kviskrar hemmelegheita. Emma blir stor i augo.



Når skuledagen er over og det er blitt kveld, klarer ikkje Emma tenkje på noko anna enn hemmelegheita til Sofie. Mammaen til Emma har jo sagt at ein ikkje skal halde alle hemmelegheiter hemmelege. Emma tenkjer at dette må vere ei slik hemmelegheit som ein vaksen treng å vite om. Samtidig har jo Sofie sagt at dersom ho fortel det vidare, vil mammaen hennar døy. Emma tenkjer på dette heile natta, ho får ikkje sove.



Neste dag kjem ikkje Sofie på skulen, og Emma har ingen å leike med heile dagen.


Det går tre dagar og Sofie har fortsatt ikkje kome på skulen. Emma blir redd for om det har skjedd noko med ho.



I friminuttet har Emma fortsatt ikkje nokon å leike med. Ho spring bort til plassen berre ho og Sofie veit om. Då ho nesten er framme, snublar ho i ein spade, fell og får eit stort sår på kneet.




Læraren tar ho med inn på kontoret for å sette plaster på såret. Emma klarar ikkje slutte å gråte og læraren spør kva som er galt. Emma forklarar at ho har ei stor hemmelegheit som ho ikkje kan seie vidare for då vil noko fælt skje.



Det går bra seier læraren, du veit jo du kan fortelje meg alt. Emma fortel Sofies hemmelegheit. Ho er berre så redd for at mammaen til Sofie kjem til å døy, og at Sofie og ho skal bli uvennar. Emma ser at læraren blir veldig alvorleg i ansiktet. Ho græt enno meir då ho trur læraren er sint på ho. Læraren seier at Emma er ei kjempegod veninne som fortel noko så viktig vidare til ein vaksen. Ho lovar Emma at det ikkje kjem til å skje noko med mammaen til Sofie.





Det har gått ei veke sidan Emma fortalde læraren om hemmelegheita, og Sofie har enno ikkje vore på skulen. Emma tenkjer at veninna ikkje kjem på skulen fordi ho er så sint på henne. Læraren tar med Emma inn på kontoret igjen. Ho fortel Emma at ho har snakka med politiet om hemmelegheita, og at alt er bra med Sofie og mammaen hennar. Dei har berre trengt litt tid aleine saman no som Svein er blitt henta av politiet. Læraren fortel at mammaen til Sofie har spurt om Emma har lyst til å kome og leike med Sofie etter skulen.




Då skulen er ferdig spring Emma forbi det store treet som nå er begynt å bli gult, rundt svingen og opp bakken til Sofies hus.



I dag har Sofie lyst til å hoppe på trampolinen. Mens dei hoppar fortel Sofie at det kom tre politimenn heim til dei og tok med seg Svein i fengsel. Politimennene sa at Svein aldri skulle gjere noko meir vondt mot Sofie eller mammaen hennar. Sofie smiler og seier ho er veldig glad for at Emma fortalte hemmelegheita vidare til læraren.



Mammaen til Sofie kjem ut og gjev Emma ein lang klem og takkar ho for at ho er ei så god veninne. Emma blir så glad når ho skjønner at ingen er sint på ho. Så leikar dei gode veninnene saman heile dagen.



Kva skal ein gjere når ein får høyre ei stor hemmelegheit, kanskje den største hemmelegheita av dei alle? Skal ein alltid halde ei hemmelegheit hemmeleg? I boka *Sofies hemmelegheit* får ein lese om eit vennskap som blir sett på prøve då Emma får høyre hemmelegheita til Sofie.

Av Monica Dahl og Silje Mortensen.